



Elin Jacobsen  
Solendvegen 231  
5936 MANGER

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 20/10493 - 21/1466

Saksbehandlar:  
Astrid Riise  
astrid.riise@alver.kommune.no

Dato:  
13.01.2021

## **Vedtak om pålegg om retting og ilegging tvangsmulkt - gbnr 447/7 Solend nordre**

**Administrativt vedtak:** Saknr: 039/21  
**Tiltak:** Utbetring septiktank  
**Byggjestad:** Gbnr: 447/7  
**Tiltakshavar:** Elin Jacobsen

### **VEDTAK:**

**Med heimel i forureiningslova § 7 fjerde ledd krev kommunen det vert installert godkjend minireinseanlegg på eigedommen din med gnr 447, bnr. 7 Solend nordre. Frist for retting er satt til 30.04.2021. Alver kommune skal underrettast når arbeidet er utført.**

**Med heimel i forureininglova § 73 vert det fatta vedtak om ilegging av tvangsmulkt, i form av ei eingongsmulkt stor NOK15 000,- og ei dagmulkt stor NOK 200,- pr dag dersom utbetringa ikkje vert gjort innan 30.04.2021. Tvangsmulkt vil løpe i frå 01.05.2021.**

### **Saksutgreiing**

Vi viser til førehandsvarsel om pålegg om utbetring av avløpsordning av 03.07.2020, med frist for retting **03.01.2021**. I førehandsvarselet ber vi om tilbakemelding om at dette er gjort. Alver kommune har ikkje motteke tilbakemelding innan fristen.

Det er forureinar sitt ansvar å sørkje for at tilhøva på forureiningsstaden ikkje verkar ureinande. Grunnboka visar at det er du som er eigar av eigedomen, og kommunen rettar difor pålegget til deg.

### **Grunngjeving for pålegg om rydding og ilegging av tvangsmulkt**

Alver kommune hadde den 29.05.2020 motteke melding frå Norva24 AS om at det ved tømning den 28.05.2020 vart registrert lågt nivå og lekkasje i septiktanken på eigedommen din, med adresse Solendvegen 231, 5936 Manger. Same avviket har vore meldt inn frå Johny Birkeland Transport/Norva24 AS både ved tømning i 2016 og i 2018, ref. sak nr 19/709-18/7076 i tidlegare Radøy kommune. Tilstanden er ikkje utbetra.

Bustaden din ligg i eit område der slamavskiljar ikkje lenger er godkjend som avløpsanlegg. Årsaka til det er at slamsavkiljar berre vil bli godkjend av kommunen der det er mogleg å føre

leidningen ut i sjø. Sandfiltergrøft er heller ikkje lenger ein godkjend del av eit privat avløpssystem i Alver kommune.

Septiktanker med utslepp i sandfiltergrøft er ikkje lenger godkjend som avløpsordning, og du har i brev av 03.07.2020 fått krav om at tanken må skiftast ut med eit godkjend minireinseanlegg.

Grunneigaren skal ha eit avløpssystem som er i tråd med føresegnene i denne forskrifta og avløpet skal vere godkjend av kommunen.

Føresegna i forureiningslova. § 7 seier at alle har ei plikt til å unngå forureining. Det følgjer av forureiningslova § 7 først ledd at «(I)ngen må ha, gjøre eller sette i verk noe som kan medføre fare for forurensning» utan at det er gjeve løyve til det.

Alver kommune har etter forureiningslova § 7 ferde ledd mynde til å gje pålegg til den ansvarlege om utbetring av avviket innan ein nærare angitt frist.

Dersom kommunen **innan 30.04.2021** ikkje har fått ei skriftleg tilbakemelding og biletedokumentasjon frå deg med opplysningar om at anlegget er utbetra, vil vedtaket tre i kraft.

Installasjon av minireinseanlegg er eit søknadspliktig tiltak, jf. plan- og bygningslova § 20-1, bokstav f.

### **Andre opplysningar**

Pålegg om tvangsmulkt er tvangsgrunnlag for utlegg, jfr. tvangsfullbyrdslova § 7-2. Tvangsmulkta kan inndrivast utan opphald av Statens innkrevingsentral.

Den som unnlatar å treffe tiltak som han er pliktig til etter forureiningslova § 7, kan straffast med bøter eller fengsel i inntil 1 år, jfr. forureiningslova §§ 78 og 79.

### **Tilbakemelding**

Når retting er utført, må eigar sende inn dokumentasjon for utført arbeid og returnere det til kommunen innan den nemnde fristen. Legg ved biletedokumentasjon som syner at tanken er blitt reparert.

Dokumentasjon sendast til:

E-post [post@alver.kommune.no](mailto:post@alver.kommune.no)

Brev Alver kommune, postboks 4, 5906 Frekhaug.

### **Aktuelt regelverk:**

- Plikt til å unngå forureining og sørgje for retting når dette er skjedd følgjer av forureiningslova § 7.
- Ilegging av tvangsmulkt følgjer av forureiningslova § 73
- Straffeansvar for forureining eller forsøpling framgår av forureiningslova §§ 78 og 79.

Dersom du har spørsmål til saka, kan du ta kontakt med sakshandsamar på telefon 5637 5000 eller på epost.

Pålegg om tvangsmulkt er tvangsgrunnlag for utlegg, jfr. tvangsfullbyrdslova § 7-2. Tvangsmulkta kan inndrivast utan opphald av Statens innkrevingsentral.

### **Mynde**

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 5-3, 3.ledd og gjeldande delegeringsreglement.

### **Klage**

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er **3 veker**, jf. fvl § 29 (1). Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Føretak som har fått avslag på søknad om ansvarsrett har særskilt rett til å klage over dette vedtaket.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: 20/10493

Med vennleg helsing  
Alver kommune, Miljø og tilsyn

Siril Therese Sylta  
Avdelingsleiar

Astrid Riise  
rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

### **Mottakarar:**

Elin Jacobsen

Solendvegen 231

5936

MANGER